

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FØRDE HF

MØTEDATO: 26.01.2023, kl. 08:30-14:15
MØTESTAD: Førde sentralsjukehus, Førde

Styremøte var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Marit Hermansen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem
Marita Aarvik	Observatør

Forfall

Ivar Eriksen	Medlem
--------------	--------

Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern
Tom Guldhav, direktør Kirurgisk klinikk
Trine Vingsnes, direktør Medisinsk klinikk
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør
Øystein Helleseth, økonomidirektør
Asle Kjølraug, fagdirektør
Vidar Øvrebø, stadleg leiar Lærdal sjukehus
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef
Berit Irene Haarklau, referent

Andre deltakarar

Jorunn Sollid, seksjonsleiar
Stian Sægrov, ambulansesjef
Bjørn Munthe, leiar internrevisjon (deltok digitalt)
Kari H. Furevik, seksjonsleiar
Hilde E. Hjelmeland, seniorrådgjevar

SAKLISTE

Saksnummer	Sakstittel
001/2023	Godkjenning av innkalling og dagsorden
002/2023	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 16.12.2022
003/2023	Administrerande direktør si orientering
004/2022	Rapportering frå verksemda per desember 2022
005/2023	Risikostyring 2023
006/2022	Prehospital plan – rapportering andre halvår 2022
Saker til orientering:	
007/2023	Rapportering om prosjekt i Helse Førde
008/2023	Internrevisjonsrapport – Læring på tvers av uønska hendingar
009/2023	Eventuelt
	Skriv og meldingar

Styret si eigenevaluering

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Ole Gunnar Krakhellen ønska styret og administrasjonen velkommen til dagens styremøte ved Førde sentralsjukehus.

STYREMØTE STARTA MED FAGLEG ORIENTERING

Adm. direktør Varden og direktør Vingsnes innleia om oppslag i Firda om heimesjukehus.

Seksjonsleiar Sollid orienterte om: **Avansert heimesjukehus for barn og unge**

Kva er avansert heimesjukehus?

Heimesjukehus for barn og unge som vert organisert på denne måten, vert ofte kalla Avansert heimesjukehus (AHS) for barn og unge for å markere at det er spesialisthelsetenesta som er ansvarleg for drifta. I staden for at barn ligg på sjukehuset er pasienten heime, eller nær heimen med tilsyn og behandling frå heimesjukehuset sine sjukepleiarar.

Firda-artikkel 15. januar 2023 om Heimebesøk om prematurt barn.

Informasjon til praksiskonsulentane, fastlegane m.fl. Det har også vore på radioen om dette tilbodet.

Prosjektstøtte frå Helse Vest i 2022:

Helse Førde fekk tildelt ca. 1,2 millionar kroner til oppstart av Avansert heimesjukehus for barn og unge. Helse Førde er det siste helseføretaket i Helse Vest som er i gang med dette tilbodet. Det er etablert eit fagnettverk i Helse Vest som har vore særst nyttig for

erfaringsdeling. Elles i landet er det Oslo universitetssjukehus som har hatt lengst FHS-drift, sidan 2008.

Barn og unge er ei prioritert pasientgruppe:

- Nasjonal helse- og sjukehusplan
- Sogn og Fjordane helsefelleskap

Kva nytteeffektar kan heimesjukehus gi?

- Færre liggedøgn i sjukehus
- Meir heilskaplege og samordna helsetenester på tvers av omsorgsnivåa
- Auka meistring både hos foreldre og barn kring helseutfordringar
- Heimen som helsefremjande arena
- Reduserer infeksjonar
- Læreeffekt mellom spesialisthelsetenesta og primærhelsetenesta

Mål og målgruppe:

Mål er å kunne tilby sjukehusbasert heimebehandling til barn og unge som eit alternativ til sjukehusopphald. Målgruppe er barn og ungdom i alderen 1-18 år med helseutfordringar som eignar seg til sjukehusbasert heimebehandling.

Oppstartfase i Helse Førde:

Starta avansert heimesjukehus-tilbod i Helse Førde 31. oktober 2022, etter ein planleggingsfase. Fire sjukepleiarar i turnus, delt mellom sengepost på barne- og ungdomsavdelinga og AHS. Hadde 28 konsultasjonar i november og desember 2022.

Vurdering av avansert heimesjukehus framover i Helse Førde:

Vi ønsker å prøve ut tilbodet til fleire pasientgrupper, til dømes fedmepasientar og diabetespasientar. Utviklingsområde er mellom anna avstandsoppfølging, samarbeid med kommunar og meir bruk av digitale løysingar. Fagnettverket i Helse Vest er eit viktig bidrag for å etablere driftsmodellar ut frå økonomi og pasientgrunnlag.

Styret takka for spennande orientering, og ønska lukke til med utviklinga for Helse Førde.

Seksjonsleiar Sollid og direktør Vingsnes svara på spørsmål.

Sak 001/2023 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar Krakhellen leia møtet og orienterte om dagsorden:

- Ivar Eriksen hadde meldt forfall
- Marita Aarvik vart ønska velkommen, som ny observatør i styret
- Sakliste var oppdatert, og lagt på bordet
- Sak 008/2023 «Internrevisjonsrapport – Læring på tvers av uønska hendingar» var ettersendt 23. januar
- Sak 004/2023 «Rapportering frå verksemda per desember 2022» var ettersendt 25. januar, også opptrykt til dagens styremøte

- Nytt dokument «Spesialisthelsetjenestens rammeverk for samfunnsansvar» var utdelt

Vedtak (samrøystes):

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

**Sak 002/2023 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF
16.12.2022****Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjende protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 16.12.2022.

Sak 003/2023 Administrerande direktør si orientering

Adm. direktør Varden innleia med nye punkt til orienteringa:

Punkt 5: Spesialisthelsetenesta sitt rammeverk for samfunnsansvar

Punkt 6: Kreftavdelinga – rekruttering

Punkt 7: Søknad om tvangsbruk UPH

Direktør Guldhav orienterte om ambulansearbeidar Ole Einar Lereim i Sogndal, som vart kåra til Årets sogning, jf. oppslag i Sogn Avis.

Adm. direktør Varden orienterte om:

- Besøk av justisminister Emilie Enger Mehl i Solund i samband med introduksjon av eit nytt naudvarslesystem på mobil. Ho fekk omvisning i ambulansebåten og sjå ei øving mellom ambulansebåt og redningshelikopter
- Besøk av stortingsrepresentant Hadia Tajik ved Nordfjord sjukehus 10. januar, der ho fekk presentert sjukehuset sitt ENØK-fokus og bruken av fjordvarme
- Vurdering av beredskapssituasjonen er tema kvar tysdag i føretaksleiinga. Vurderinga per 24. januar er at situasjonen framstår som ordinær drift og for årstida

1. Rapportering tilsynssaker**2. Oversikt over aktuelle høyringar**

Styret stilte spørsmål til oversikt høyringar, der nokre høyringar i tabellen viser blanke kollarer. Styret etterspør ein oppdatert oversikt.

Adm. direktør Varden svara at oversikten blir oppdatert til neste styremøte.

3. Saker til oppfølging etter styremøte

4. Lærdalstunnelen

Adm. direktør Varden orienterte om oppslag i Nationen og Firda om at Helse Førde er uroa over konsekvensane av stenging av Lærdalstunnelen

5. Specialisthelsetenesta sitt rammeverk for samfunnsansvar

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om Specialisthelsetenesta sitt rammeverk for samfunnsansvar

- Åpenhetsloven, 01.07.2022
- Eierskapsmeldingen 2022-2023 (Meld. St. 6), 21.10.2022
- Specialisthelsetjenestens rammeverk for samfunnsansvar, februar 2023

Dette rammeverket erstattar det vi tidlegare hadde om miljø. Dette nye rammeverket er no meir heilskapleg, og blir del i styret si årsberetning.

Vi kjem tilbake med ei sak til neste styremøte. Veggen vidare er forankringsprosess som pågår. På bakgrunn av nye krav er det sett i gang oppstart av nytt regionalt nettverk.

Styret kommenterte at det er eit spennande arbeid, med å fylla samfunnsansvar med innhald.

6. Kreftavdelinga - rekruttering

Direktør Vingsnes orienterte om rekruttering av onkologar ved kreftavdelinga, og henviste til oppslag i Firda.

I tillegg utfordringar på LIS-stillingar. Vi har no 4 LIS-legar, og snart har vi 5 LIS-legar. Vi er avhengig av vikarar ut mars, og dette er dyrt.

7. Søknad om tvangsbruk for ungdom

Direktør Tvedt orienterte om søknad for å kunne nytte tvang i UPH.

Statsforvaltaren kjem på tilsyn 31. mars, og det blir då munnleg orientering og omvisning av lokale.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek orienteringa til vitende.

Sak 004/2023 Rapportering frå verksemda per desember 2022**Oppsummering:***Administrerende direktør Varden innleia rapporteringa*

- Saka vart ettersendt 25. januar, for å kunne ha eit best mulig oppdatert årsresultat
- Vi har fleire utfordringar, med fleire fristbrot, færre nyttilviste og færre avslutta
- Vi jobbar med utfordringane, for å redusere kostnadene
- Aktiviteten i desember er lågare enn budsjett, særskild knytt til dag- og døgnbehandling, samt H-resept
- Aktiviteten innan psykisk helsevern har i perioden vore god
- Sjukefråværet for november syner ein svak nedgang
- Førebels resultat for år 2022 er 0,8 millionar, eit avvik mot budsjett på 29,2 millionar kroner. Det står att noko årsoppgjersposteringsar før endeleg resultat er klart

Aktiviteten - overordna pasientflyt per viser:

Nytilviste 5 380 (-5%)	Ventelistekø 7 552 (18%)	Totalkø 44 684 (6%)	Avslutta 5 275 (-4%)
---------------------------	-----------------------------	------------------------	-------------------------

Styret kommenterte:

Har vi Helse Førde sine tall for pasientar ikkje møtt til time?

Adm. direktør Varden og fagdirektør Kjølraug svara på spørsmåla.

- Utsatt av pasient (også ikkje møtt) viser omlag 9 prosent. Vi har fokus på dette.

Fagdirektør Kjølraug orienterte om: Fag og kvalitet

Vi har mindre øyeblikkeleg hjelp enn forventa, og dette er ein trend. Vi har færre innlagt med luftvegsinfeksjonar, samanlikna med andre heleføretak i Helse Vest.

- Gjennomsnittleg ventetid – helsehjelp starta i perioden, viser uendra
- Gjennomsnittleg ventetid – ventande ved periodeslutt, viser auke
Operasjonskapasitet er ein hemmande faktor
- Fristbrot oppstått i perioden, 500 nye i desember, tilsvarande 15,3 prosent

Eksterne tiltak nytt til ventetid og fristbrot:

- HELFO-ordning ved fristbrot, der 102 fristbrotsaker blei melde til HELFO i desember
- Helse Vest til ordning «innkjøp kirurgi»

Rapportering i høve årshjul og brev til pasientar:

- Tal pasientar inkluderte i kliniske behandlingsstudiar viser auke frå 15 i 2021 til 18 i 2022
- Synergi – uønska hendingar, viser at totalt melde saker var 2335 i 2021 og 2626 i 2022
- Synergi – kritiske og alvorlege saker, viser at halvparten av innmelde saker er sjølv mord

Økonomidirektør Helleseth orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi

Aktivitet somatikk hittil i år viser eit avvik på 1 113 DRG poeng. Vi har produsert mindre enn i fjoråret. Psykisk helsevern har hatt ein vekst samanlikna med 2021.

Beleggsprosent i eit lenger perspektiv viser:

2019	2020	2021	2022
71 prosent	66 prosent	69 prosent	68 prosent

Polikliniske video- og telefonkonsultasjonar:

Målt er 15 prosent. Helse Førde har 11 prosent, tilsvarande 17 000 konsultasjonar

Oversikt viser at Helse Bergen har behandla eit lågare volum av Helse Førde pasientar enn budsjettert.

Sjukefråvær: Førebels tal syner samla snitt fråvær for 2022 på 7,6 prosent

Netto månadsverk viser auke frå 1992 i 2019 til 2120 i 2022. Brutto månadsverk viser auke frå 2239 i 2019 til 2424 i 2022.

Førebels resultat er påverka av årsoppgjersposterar og ikkje ferdigstilt. Til no i år er resultatet 0,8 millionar, som er eit avvik på 29,2 millionar i høve budsjett.

Hovudutfordringa i desember og 2022 er eit meirforbruk på personalkostnader.

Status likviditet:

Per utgangen av desember 2022 hadde Helse Førde ein positiv saldo på konto med 47,5 millionar kroner.

Adm. direktør Varden orienterte om prosessen knytt til innsparing:

- Budsjett for 2023. Resultatkravet er redusert med 21 millionar til kroner 0. Det er innarbeidd tiltak på til saman 20 millionar i klinikkane. Vedlikehaldsinvesteringane er omlag halverte, dvs. kutt på 25 millionar kroner. Det er behov for å finne ytterlegare tiltak tilsvarande 25 millionar kroner gjennom det komande året.
- Oversikt tiltak som skal analyserast: Til saman 39 ulike tiltak blir evaluert.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per desember 2022 til vitende.

Sak 005/2023 Risikostyring 2023**Oppsummering:**

Alle føretaka skal arbeide med dei fem risikoane som Helse Vest har valt ut:

- Legemiddelområdet
- Vald og trugslar mot medarbeidarar
- IKT og informasjonssikkerheit
- Ekstern turnover
- Uønskt variasjon – radiologi og ortopedi

Administrerande direktør har saman med føretaksleiinga i Helse Førde diskutert om det også er andre område som bør løftast opp som sentrale risikoområde i føretaket. Desse er valde ut:

- Intern samhandling
- Rekruttering
- Økonomi

Administrerande direktør Varden orienterte om risikostyring.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek orientering om risikostyring 2023 til vitende og ber administrerande direktør rapportere status etter første tertial.

Sak 006/2023 Prehospital plan – rapportering andre halvår 2022**Oppsummering:**

Arbeidet med prehospital plan i Helse Førde starta i 2017. Planen vart vedteken 24.01.2020, men nokre område skulle utgreiast vidare. Det omfatta Lavik (i praksis Dalsfjorden og Ytre Sogn), Hornindal/Volda (i praksis Indre Nordfjord) og Ytre Bremanger (i praksis Bremanger kommune og delar av Kinn kommune).

Dei nye utgreiingane vart lagt fram for styret i Helse Førde 25.11.2021, med vedtakspunkt 1 – 7 i sak 073/2021.

Punkt 5: Administrerande direktør skal dei første to åra etter endring i tenestene gjennomføre halvårleg evaluering av utviklinga av tenestetilbodet, i dialog med

kommunane. Evalueringa skal gjerast med utgangspunkt i risikovurderingane for Bremanger og Dalsfjorden/Ytre Sogn, med særleg vekt på responstid og tilpassingar i uvér, og administrerande direktør sine vurderingar i denne saksutgreiinga. Evalueringane skal leggast fram for styret.

Helse Førde har gjennomført dei aller fleste endringane som er vedtekne i prehospital teneste i Ytre Bremanger og Dalsfjorden/Ytre Sogn. Tenestene som vert leverte, har god kvalitet, og det er godt samarbeid med kommunar og andre aktørar i dei prehospitala tenestene.

Styreleiar Krakhellen innleia om at styreseminar og styremøte i mai kan bli lagt til Florø, då med omvisning på ambulansebåten.

Administrerande direktør Varden innleia med bilder frå ambulansebåten i Solund, då justisministeren var på besøk i Solund.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret konstaterer at Helse Førde leverer gode og forsvarlege prehospitala tenester i samsvar med plan.
2. Administrerande direktør blir bedd om å legge fram neste evaluering etter første halvår i 2023.

Saker til orientering:

Sak 007/2023 Rapportering om prosjekt i Helse Førde

Oppsummering:

Det er stor prosjektaktivitet i Helse Førde. Prosjektportefølje viser status og plan for 2023. Hovudfokuset i 2023 er å planlegge slik at vi er klare til å levere gode tenester når Livabygget ved Førde sentralsjukehus skal takast i bruk hausten 2024.

Programmet Pasientens helseteneste og Nye Førde sjukehus har gjennom fleire år arbeidd med sikte på at alt skal vere klart til andre byggesteg av Nye Førde sjukehus; Livabygget står ferdig midtvegs i 2024. Komande år blir avgjerande for at dette skal lukkast.

I risikovurdering peikar programmet på fleire faktorar som er naudsynte for å lukkast. God samordning, kommunikasjon og samhandling mellom dei mange OU-prosjekta er noko av det viktigaste. Det same gjeld tid til å utvikle, forankre og øve på dei komande endringane.

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om det overordna i prosjektrapporteringa, og kva som blir særskilt viktig framover.

Det blir meir om gevinstrealisering i prosjekta til neste rapportering. Det pågår evaluering av Dagabygget.

Styret takka for veldig god rapport.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek orientering om status for prosjekt til vitende og ønskjer ein ny statusrapport før sommaren.

Sak 008/2023 Internrevisjonsrapport – Læring på tvers av uønska hendingar

Oppsummering:

Revisjonen har omfatta Helse Vest RHF og dei fire helseføretaka. Føremålet med revisjonsprosjektet har vore å undersøkje om helseføretaka si handtering av uønskte hendingar bidrar til å sikre læring og forbetring på tvers av fagmiljø og avdelingar i føretaka og mellom føretaka. Revisjonen er avgrensa til handtering av pasientrelaterte uønskte hendingar.

Leiar internrevisjon Bjørn Munthe orienterte om internrevisjon – læring på tvers av uønskte hendingar.

- *Føremål og problemstillingar*
- *Metode har omfatta dokumentanalyse, intervju i kvart føretak, spørjeundersøking og casegjennomgang av åtte uønskte hendingar*
- *Konklusjon*
- *Omfang av pasientrelaterte avvik i Helse Vest*
- *Openheitkultur, ein føresetnad for å lære av uønskte hendingar er at dei blir meldt og delt*
- *Hindringar for å melde avvik*
- *Årsaker til bakanforliggande årsakar*
- *Datakvalitet i Synergi*
- *System og rutinar for å lære på tvers i eige føretak*
- *Læring på tvers av føretaka – sentrale funn og vurderingar*
- *Casegjennomgang av åtte uønskte hendingar*
- *Potensial for å dele meir*
- *Styring og oppfølging av pasienttryggleiksarbeidet i føretaka*
- *Oppsummering og tilrådingar frå revisjonen om:*
 - *Openheitskultur*
 - *Tydeleggjere kva som skal meldast*

- *Datakvaliteten i Synergi*
- *Kompetansen til leiarane*
- *Avklare spørsmål om teieplikt og personvern*
- *Sikre læring på alle relevante område*

Styreleiar Krakhellen takka for ein god presentasjon og spennande revisjonsrapport, som gir eit godt grunnlag for læring på tvers. Styret si involvering og kva vi kan bidra med. Rapporten viser lågare meldingsgrad frå Helse Førde.

Adm. direktør Varden, utviklingsdirektør Kleiven og seksjonsleiar Furevik svara på spørsmål.

Styreleiar Krakhellen oppsummerte med at administrasjonen jobbar vidare med dokumentet, og at ein kan kome tilbake til styret når ein har fått arbeid administrativt med oppfølging.

Vedtak (samrøystes):

Styret i Helse Førde tek saka til etterretning, og ber administrerende direktør starte arbeidet med oppfølging av revisjonsrapporten med tiltak og planar for Helse Førde.

Sak 009/2023 Eventuelt

Styreleiar Krakhellen orienterte om:

- Styreseminar 16. februar i Stavanger
- Blir føretaksmøte etter styreseminar
- Partnerskapsmøte 3. mars, etter lunsj vert det omvisning i Livabygget

Styreleiar takka Ole-Magnus Kapstad for fire år i styret og godt samarbeid. Det blir ei markering seinare.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek «Skriv og meldingar» til vitende.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var utsendt:

- Årleg melding 2022 for Helse Førde (oppdatert)
- Samhandlingsnytt desember 2022
- Referat frå møte i felles brukarutval 14.12.2022

Følgjande skriv og melding var utdelt i møtet:

- Specialisthelsetjenestens rammeverk for samfunnsansvar

Ref. Berit Irene Haarklau
26.01.2023

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Marit Hermansen	Medlem
Ivar Eriksen (sett)	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem